



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 5. november 2024

Ventetidsløftet

HELSE  VEST

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Tysdag 5. november 2024 kl. 10.30 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart halde på video.

Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Ventetidsløftet

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre

Også til stades:

Statssekretær Karl Kristian Bekeng
Departementsråd Cathrine M. Lofthus
Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum
Ekspedisjonssjef Maiken Engelstad
Avdelingsdirektør Kashif Waqar Faiz
Seniorrådgjevar Anette Kristiansen
Seniorrådgjevar Elisabeth Esrød Hoelsæter
Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Frå styret i Helse Vest RHF møte

Styreleiar Agnes Landstad
Hege Solbakken
Anne Karin Hamre
Tord Anton Haaland
Wenche Kristin Røkenes
Linda Karin Gangstøe
Geir Arne Sunde

Frå administrasjonen i Helse Vest RHF møte

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Andre til stades

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men deltok ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen. Han spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Agnes Landstad og helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre vart valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Helse- og omsorgsminister Jan Christian Vestre spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Ventetidsløftet

Føretaksmøtet viste til måla stilt i oppdragsdokument frå 16. januar i år:

«Gjennomsnittlig ventetid skal reduseres sammenlignet med 2023 for somatikk, psykisk helsevern for barn og unge, psykisk helsevern for voksen og TSB. Målsetningen på sikt er gjennomsnittlig ventetid lavere enn 50 dager for somatikk, 40 dager for psykisk helsevern voksne, 35 dager for psykisk helsevern barn og unge og 30 dager for TSB».

Føretaksmøtet viste vidare til revidert oppdragsdokument 3. juli i år, der det mellom anna vart vist til avtalen om Ventetidsløftet som vart inngått 13. mai:

«I forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2024 er det bevilget 2000 mill. kroner for å bidra til at ventetidene i spesialisthelsetjenesten skal reduseres markant, i tråd med ambisjonene i Ventetidsløftet. Av dette er 400 mill. kroner til ettårige tiltak og 1600 mill. kroner til en varig bevilgningsøkning som også skal legge til rette for aktivitet og investeringer som målrettet og effektivt bidrar til å redusere ventetidene raskt. Det vises til Ventetidsløftet, hvor regjeringen, de regionale helseforetakene, ansattes organisasjoner og arbeidsgiverorganisasjoner i offentlig og privat sektor er enige om mål og aktuelle tiltak for å redusere ventetidene. De regionale helseforetakene skal umiddelbart iverksette tiltak for å redusere ventetidene, i tråd med Ventetidsløftet, slik at trenden snus og vi i perioden 2024 til 2025 får en markant reduksjon i ventetidene. De tre hovedsporene for tiltak i Ventetidsløftet er; helsepersonell; innovasjon; og samarbeid. Eksempler på tiltak er arbeid for bedre oppgavedeling, kvelds- og helgeåpne poliklinikker, digitale løsninger og innovasjoner som frigjør arbeidstid og samarbeid med private aktører, blant annet gjennom kjøp av ledig kapasitet etter avtale med og prioritering av det offentlige. Det skal legges særlig vekt på tiltak som raskt kan gi resultater og samtidig varige effekter, og som i tillegg ivaretar de ansatte og arbeidsmiljø. Det forventes at de regionale helseforetakene tar i bruk alle tiltak som er beskrevet i Ventetidsløftet, etter en prioritering av hva

som virker mest effektivt for å nå målene for de ulike delene av spesialisthelsetjenesten. Partssamarbeidet skal benyttes aktivt og lokale tillitsvalgte skal involveres på en god måte i arbeidet. Personellkonsekvenser av tiltakene skal vurderes.

Føretaksmøtet understreka betydninga av å nå styringsmåla for 2024 og å nå måla i Ventetidsløftet om å redusere ventetidene markant i perioden 2024 til 2025. Dette stiller store krav til arbeidet, og føretaksmøtet ba om ein umiddelbar forsterka innsats i arbeidet med ventetider. Inneverande år skal det leggjast vekt på å avvikle flest mogleg ventande innan utgangen av året, samtidig som påbegynt ventetid for nyhenviste vert halde lågt. For å få til dette er det behov for ei betydeleg utviding av kapasiteten i november og desember, til dømes gjennom ekstraordinære frivillige utvidingar av arbeidstida og kjøp av privat kapasitet. Det er viktig å velje mest mogleg kostnadseffektive tiltak som har tilstrekkeleg kraft til å få ned ventetidene hurtig.

For 2025 er målet at ventetidene skal vere lik eller under ventetidene i 2019, dvs. før pandemien, jf. vedtak under. Føretaksmøtet stilte kravet for komande år allereie no for å sikre tilstrekkeleg fokus og planlegging, og for at det vert sett igang ekstraordinære tiltak slik at ein raskt kan vise til ei betydeleg positiv utvikling allereie før jul i år.

Dei regionale helseføretaka har gjennomført berekningar av kva for auke i kapasiteten som vil vere nødvendig å gjennomføre for at ventetidene i juni 2025 skal vere på same nivå som i 2019. Det er i berekningane teke utgangpunkt i områda med flest ventande. Føretaksmøtet ba om at desse berekningane, inkludert ein kapasitetsbuffer, vert lagt til grunn for planlagt aktivitet fram mot sommaren 2025.

Foretaksmøtet vedtok:

- 1. I november og desember 2024 skal det gjennomførast ein særleg innsats for å redusere ventetider og avvikle flest mogleg ventande, samtidig som ventetida for nyhenviste ikkje aukar og slik at det vert lagt til rette for å nå måla i 2025..*
- 2. Gjennomsnittleg ventetid i 2025 skal vere lik eller under 61 dagar i somatikken, 44 dagar innan psykisk helsevern vaksne, 45 dagar innan psykisk helsevern born og unge og 33 dagar innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB).*
- 3. For å sikre at styringsmåla i 2025 vert nådd, skal kapasitetsberekningane til dei regionale helseføretaka, inkludert ein kapasitetsbuffer på minimum 20 pst., leggjast til grunn for fastsetjing av auka aktivitet frå og med no og fram mot juni 2025. Dersom kapasiteten må ytterlegare opp for at gjennomsnittleg ventetid i alle fagområde i juni 2025 er lik eller under juni 2019, skal det så tidleg som mogleg gjennomførast tiltak som aukar kapasiteten til tilstrekkeleg nivå, inkludert ein usikkerheitsbuffer.*

Møtet vart heva kl. 10.40.

Oslo, 5. november 2024

Jan Christian Vestre

Agnes Landstad

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar